



Bilete frå (u)aktuelt vindkraftområde i Kvinnherad. Meiner NVE at anleggsvegar, turbinar og industrialisering, høyrer heime her?

Høyring – nasjonal ramme for vindkraft

NEI TIL VINDKRAFT I NORSK NATUR

Mats Holtmoen | 30/09 – 2019.

Eg kjem frå ein vasskraftkommune, der 9/10 vassdrag har blitt bygde ut. Når ein skulle byggje Noreg som nasjon for eit drygt hundreår sida, gav kommunane, som min heimkommune, frå seg store landareal til vasskraftutbyggjing. Enorme naturområde blei lagt under vatn for å dekkje energibehovet som trengtes for å byggje landet gjennom arbeid og velferd. Summen av desse anlegga har vore medverkande til at det vi kjenner som urørt natur i dag, er som øyer på karta våre - og i mange tilfelle fungerer som ei barriere, der det hindrar biologisk utveksling av artar. I det som er igjen av naturareal i fleire av desse fjell- og kystområda – pågår-, og ynskjes det ei storstilt utbyggjing av vindkraft.

Vindkraft er kort oppsummert – ei masseødeleggjande industri, som kun vert lønnsam for, stort sett, utanlandske investorar fordi dei vert sterkt subsidiert grunna gunstige statlege rammevilkår, gjennom grøne sertifikat og gratis tilgang på strømnettet.

Vindenergi er ei ustabil energikjelde, som krev balanseenergi (vann, kjerne, fossilt brensel..) for å kunne vere påliteleg, sjølv om det til tider brukes som utbyggjarargument at dei sikrar straumforsyninga lokalt.

Vindkraftindustrien har altfor fleksible konsesjonar – der utbyggjar lovar gull og grøne skogar, men kommunane sit igjen med knappar og glansbilete når anlegget står ferdig. Historien visar at det er få anlegg som har blitt slik den omsøkte konsesjonen var, og dei fleste kommunane angrar stort på vedtaka.

Det moralske kompasset til vindkraftbransjen eksisterer ikkje – då dei stadig nyttar som argument at der det er spor av menneskeleg innblanding i naturen (vannkraft, strømlinjer, hytter..) – så ser ikkje utbyggjarane problemer med at resterande areal får vindturbinar i tillegg. Det gjer vi som brukarar av naturen. Det er dette vi har att, og det er dette vi skal levere frå oss til framtidige generasjonar.

I eit folkehelseperspektiv er tilgang til vakker natur og friluftsliv særskild viktig, og stadig vert denne påstanden støtta av ny forskning. Utnytting av natur, landskap og kultur til rekreasjon og friluftsliv sommar som vinter vil bli øydelagt dersom det blir vindkraftutbyggjing. Dette vil og verka negativt i høve tilflytting og rekruttering til lokalt arbeidsliv, trivsel, folkehelse og livskvalitet generelt.

Dei områda som har blitt utbygd til fordel for vindkraft i dag, vil i stå igjen som eit svært dårleg eksempel på ei total feilslått satsing innan fornybar energi. Ei totalpakke der det «grøne skiftet» kostar meir enn det smakar - klimagevinsten er fråverande, dei enorme mengdane av biologiske mangfald som har måtte gi tapt, og kun ei ny istid vil kanskje kunne skape naturområda tilbake slik det var.

Naturen er vår. Vinden er vår. Nok er nok. Eg krev ei total stans i all utbyggjing av vindkraft i Norge – og seier med høyring mi, eit tydeleg NEI til vindkraft.

Mats Holtmoen,
Ingeniør